



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Halvor Røssum, 5764 3144

Oppstart av verneprosess for Årøy naturreservat i Sogndal

Etter dialog med grunneigarane melder vi med dette formell oppstart av verneprosess for Årøy naturreservat i Sogndal kommune, Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar. Sjå avgrensing av området i kartvedlegg til dette brevet eller ved å gå inn på nettstaden vår. Frist for uttale til oppstartsmeldinga er 13. februar 2026.

Kandidatområdet Årøy ligg inst i Barsnesfjorden i Sogndal kommune, tilgrensande Luster kommune. Vernearealet vi melder oppstart på er lokalisert på gards- og bruksnummer 4/1, 6/1, 7/2, 7/4 og 7/75, og er hovudsakleg eigd av private grunneigarar. Vestland fylkeskommune eig litt av arealet i vest mot fylkesveg 55. Det er ikkje signert endeleg avtale om vern mellom staten og grunneigarane som eig det skogdekte arealet, så Statsforvaltaren tek atterhald om mindre endringar i grensedraginga av verneområdet.

Vi melder oppstart av verneprosess for eit areal med storleik på 2200 dekar, der grovt rekna 1900 dekar er skogdekt og 1400 dekar av dette er vurdert som produktiv skog. Av kandidatområdet er om lag 195 dekar i sjø.

Overlappande verneoppdrag

Statsforvaltaren har over lengre tid jobba i lag med grunneigarane om vern av den verdifulle naturen i området. Arbeidet inkluderer fleire overlappande verneoppdrag som Statsforvaltaren har fått frå Miljødirektoratet. Prosessen med frivillig skogvern av raudlista edellauvskog og gamal furuskog i Munthemarki har delvis gått parallelt med oppdraget om supplerande vern av Nagløyri, som er arealet med strandeng og delta der Årøy-elva renn ut i Sognefjorden. Prosessen med marint vern av Sognefjorden går også sin gang.

Ein verneprosess for det vi foreslår å kalle Årøy naturreservat vil inkludere både frivillig skogvern av Munthemarki og supplerande vern av Nagløyri i ei og same verneforskrift. Tilgrensande kandidatområdet for Årøy vil forslaget for marint vern av Sognefjorden gå kant i kant, som også vil liggje ute på offentleg høyring på nyåret.



Nasjonalt oppdrag på verdifull natur og frivillig skogvern

Etter prosedyren for frivillig skogvern fekk Statsforvaltaren i Vestland den 29.03.2022 tilbod frå grunneigar på gards- og bruksnummer 4/1 om areal til vern. Det er Framtre (tidlegare AT Skog) som forhandlar på vegner av grunneigarane og ser til at grunneigar sine interesser blir ivaretekne. Det er også skogsett areal på gards- og bruksnummer 6/1.

Nagløyri er ein del av det nasjonale oppdraget *Bevaring av verdifull natur*, som omfattar utgreiing av vern etter naturmangfaldlova for om lag 30 område i Vestland. Oppdraget *Bevaring av verdifull natur* skal sikre område med verdifull natur i låglandet for framtidige generasjonar, men inkluderer i utgangspunktet ikkje eigedom med skog. Område med skog må følgje prosedyre for frivillig skogvern og krev grunneigaravtale og frivilligheit.

Arealet vi meldar oppstart på er i hovudsak eigd av private grunneigarar. Arealet langs fylkesveg 55

er eigd av Vestland fylkeskommune. Det totale arealet for kandidatområdet, inkludert sjøareal, er per dags dato på 2200 dekar. Det kan kome endringar på storleiken.



Kartlegging

Munthemarki vart kartlagt etter prosedyren for frivillig skogvern av Biofokus den 29. juni 2022. Nagløyri vart sist kartlagt for naturverdiar av Miljøfagleg Utredning i 2023, etter Miljødirektoratets NIN-instruks. I seinare tid har Dokkadeltaet våtmarkssenter også hatt kartleggingsoppdrag på delar av arealet i nord. Kartleggingsrapportar er tilgjengeleg på heimesidene våre og er elles lette å finne på naturbase og fylkesatlas.

Figur 1 Deltaområdet Nagløyri er det einaste intakte langs Sognefjorden og er av stor verdi, både som beite- og oppvekstområde for artar og som landform. Foto: Rein-Arne Golf.

Verneverdiar i området

Deltaet Nagløyri er leveområde for eit stort mangfald av artar, både over, på og under overflata. Eit delta er ein type våtmark der land og vatn møtes og der elva munnar ut i fjorden. Nagløyri inkluderer også unike landformasjonar som er typiske for delta-område. Sidan deltaområde ofte har vorte fylt ut for å utnytte arealet til industri og landbruk er det få slike område att, både i Vestland og elles i landet. Som det einaste intakte deltaet i Sognefjorden er det derfor av stor verdi å sikre denne sjeldne naturtypen for framtida.



Nagløyri inkluderer også andre raudlista naturtypar, som semi-naturleg strandeng (truga/EN), strandeng (sårbar/VU), semi-naturlig eng (sårbar/VU) og tilgrensande slåttemark (kritisk truga/CR).

Økosystemet på Nagløyri er både variert og produktivt. Det vart registrert 18 raudlisteartar i området. 12 av desse er fugleartar. Fuglane nyttar dei grunnare områda til næringssøk og overvintring og området har derfor ein viktig økologisk funksjon.



Figur 2 Arten Kattehale er registrert på Nagløyri av Miljøfaglig utredning i samband med utgreiinga av området til vern. Kattehale er ein regionalt uvanleg art og har ei meir sørleg utbreiing, men finst likevel fleire stader inst i Barsnesfjorden. Foto: Geir Gaarder

Elva er eit svært viktig vassdrag for laks (nær truga på raudlista/NT). Det er registrert fire raudlista planter i «delta-delen» av kandidatområdet: firling (sårbar/VU), dvergsivaks (sårbar/VU), korsevejblom (truga/EN) og nordleg evjebloom (truga/EN). Alle fire omtalast som *pusleplantar*. *Pusleplantar* er små plantar som er knytt til finkorna, fuktig substrat, som vert periodevis overfløymt og periodevis blottlagt. Nagløyri er eit av dei viktigaste leveområda for pusleplantar i Vestland. I tillegg finn vi viktig naturbeitemark i kandidatområdet. Naturbeitemarka kan vera veksestad for sjeldne beitemarkssopp fordi det er ei gamal beitemark som har vore i langvarig hevd utan gjødsel.

Skogen på Munthemarki har eit variert naturmangfald. Skogen inkluderer gamal furuskog med felt av lavfuruskog mot elva, saman med liggande og ståande død ved i dei litt meir høgareliggjande område mot nord. I den sørlege delen av tilbodsområdet finn vi lågurtedellauvskog, i form av den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog (nær truga/NT). I tillegg finn vi skogtypar med høg bonitet og alm-lindeskog, som er nemnt i prioriteringslista for vidare vern i Vestland. Hole lauvtre er spreidde i landskapet, som er viktige hot-spots for både fugl og mange sårbare og truga artar. Fleire raudlisteartar knytt til død ved av alm er registrert, som kastanjestilkkjuke (sårbar/VU), almekullsopp (nær truga/NT) og skrukkeøre (nær truga/NT). Det er også registrert store almetre og raudlisteartar som blådoggnål (sårbar/VU), okerprikk (sårbar/VU), bleikdoggnål (nær truga/NT) og almebroddsopp (sårbar/VU). Skogen i kandidatområdet Årøy naturreservat er svært viktig for naturmangfaldet og



raudlisteartar knyta til grov alm og rik edellauvskog, og vil såleis kunne dekke manglar i skogvernet i Noreg.

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi ovanfor ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Temaet har mellom anna blitt godt illustrert gjennom ulike medieoppslag det siste året. Miljødirektoratet la nyleg også fram ein rapport som viser at tapet av villmarksprega natur er dobla på få år, frå tap av 117 kvadratkilometer i perioden 2013-2017 til 241 kvadratkilometer i 2018-2022. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy for å nå nasjonale miljømål. Det er ei nasjonal målsetjing om å redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetting om at 10 % av skogen i Norge skal bli verna. Med om lag 3,4 % av skogen i fylket verna til no er vi enno langt unna dette målet i Vestland.

Eit framtidig vern av Årøy med både deltaområdet Nagløyri og skogen i Munthemarki bidreg til å dekke manglane i dagens vern. Ved å gje naturen i desse områda eit sterkare juridisk vern, kan arbeidet bidra til å nå nasjonale mål om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, samt å ta vare på trua artar og naturtypar.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne Årøy som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre aktivitetar og inngrep.

Planstatus

Arealet som ligg i utkast til vernekart har i dag arealføremålet landbruk-, natur-, og friluftsføremål samt reindrift (LNFR) i gjeldande arealplan. Det er ikkje andre planar innanfor det føreslegne verneområdet enn marint vern, men framlegget til marint vern av Sognefjorden vil foreslå grenser kant i kant med Årøy når høyringa for Sognefjorden vert lagt ut.

Dialog om kandidatområdet

Den 29.03.22 signerte grunneigaren av 4/1 tilbodsbrief om frivillig skogvern av Munthemarki. Etter det har det vore biologisk kartlegging og skogkyndig taksering av skogen. God dialog med grunneigarar og andre lokale interesser er heilt sentralt i den vidare prosessen.

Statsforvaltaren informerte både Sogndal kommune og andre relevante grunneigarar om planane om å starte verneprosess etter oppdraget *Bevaring av verdifull natur* i eit informasjonsbrev datert 14.07.2023. Oppdraget er også orientert om i møte med kommunane og under naturmangfaldveka, webinarserien til Statsforvaltaren. På heimesidene våre har vi ei informasjonsside om Nagløyri under oppdraget [Bevaring av verdifull natur, sjå lenkje her](#).

Vi ynskjer perioden fram mot 13. februar utfyllande informasjon om korleis området vert brukt i dag, både i landbrukssamanheng, men òg om friluftsliv, kulturminne og eventuell anna bruk. Denne



informasjonen, kombinert med det som er registrert av naturkvalitetar, vil danne eit betre kunnskapsgrunnlag i utforming av vernereglane og avgrensing av verneområdet.

Brukarinteresser

Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, og sanking av matsopp og bær. Beiting, vedlikehald av stiar og kongevegen til Luster i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet er også generelle unntak frå vernereglane. Det er hjortejakt i området, og det er observert elg med jamne mellomrom. Ved jakt skal det vere høve til å sette opp og bruke mobile jakttårn og å fjerne vegetasjon i skotlinja.

All ferdsel skal skje varsamt og med omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Motorisert ferdsel er forbode, med unntak av naudsynt uttransport av felt vilt eller sjuke/skadde bufe. Vi gjer merksam på at motorferdselsforbode også gjeld på fjorden innanfor vernegrensa for å sikre nærings- og rasteområdet for fugl, jf. verneføremålet.

Skogen og fjorden er mykje brukt til friluftsliv. Den gamle kongevegen går gjennom Munthemarki, og er den historiske ferdsleåra mellom Sogndal og Luster. Området husar kulturminne i form av forsvarsverk, gamle murer og gravrøyser. Skogen er også full av historiske segn og historier, og i kandidatområdet ligg Olavskjelda, ein vanleg plass å stoppe for turgåarar. Det er informasjonsskilt langs kongevegen med omtale av kulturminne og segn. Ei rundtur i skogen er merka av på vernekartet, og er mykje brukt av turgåarar. Det er næringsaktivitet i form av naturbasert reiseliv og laksefiske i elva.

Nokre felt med gran er innanfor kandidatområdet, men vernegrensa er innskrenka i nord på grunn av skogbruksinteresser og tilgang til tømmer for det grønne skiftet. Her går det også ein landbruksveg som vil kunne nyttast i framtidig tømmerdrift av gran ved vegen. På vernekartet er det markert ein traktorveg som framleis kan nyttast med ATV til å frakte felt hjort i samband med jakt. Av energiinteresser går det ei kraftlinje gjennom området, og elva er regulert til vasskraft.

Nagløyri har stor verdi som raste- og kvileplass for migrerande fuglar. Dette er gjenspegla i verneføremålet. Forskrifta foreslår difor å forby bruk av drone, undervassdrone, modellfly og liknande for å verne om fuglelivet på best mogeleg måte. I utkastet til vernekart er det markert areal med bålforbod. Dette er grunngjeve med ivaretaking av raudlista artar og naturtypar.

Den føreslegne verneområdegrensa ligg kant i kant med landbruksareal på gards- og bruksnummer 6/1. Grunneigar på 6/1 har spelt inn ønske om at verneforskrifta skal opne for å legge vatningsrøyr ut i elv/sjø for å kunne vatne den dyrka marka. Dette speglar den historiske bruken, og vi har difor lagt inn ein dispensasjonsheimel som opnar for å legge vatningsrøyr med dette formålet.

Grunneigar på denne eigedommen har også spelt inn at det bør vere lov å fjerne vegetasjon langs kanten av jordet som hindrar maskinbruk på den dyrka marka. Malen for naturreservat tilseier at vegetasjon som er fjerna med dette føremålet skal liggje att i verneområdet. Bakgrunnen for ønskje frå grunneigar på 6/1 er at om ein let vegetasjonen ligge att i strandkanten så vil stormfloa seinare flytte kvisten inn på den dyrka marka. For å unngå dette dobbeltarbeidet stiller vi i forskrifta ikkje krav til at vegetasjonen skal ligge att i terrenget.



Innspel og vidare framdrift

Vi ønskjer innspel til både vernereglar og utkast til vernegrenser, slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit oppdatert forslag til vern på høyring. Under høyringa har vi ei innspelsperiode på minst to månader.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvaltaren.no innan 13. februar 2026.

Vedlagt ligg utkast til vernekart og vernereglar. Denne informasjonen finn du også på nettstaden vår under tema Høyringar.

Dette brevet er sendt ut til lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vernekart Årøy naturreservat
- 2 Utkast til verneforskrift Årøy naturreservat

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden 7485 TRONDHEIM



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO



Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM



Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskerlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukerlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrensykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO



Sabima	Mariboës gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
LUSTER TURLAG	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
NINA MUNTHE OLSEN	Årøy 4	6857	SOGNDAL



ÅRØY GÅRD	Årøy 4	6857	SOGNDAL
Bjarte Joar Litlabø	Steigavegen 5	6857	Sogndal
Sigurd Ølnes	Englandsvegen 7	6857	Sogndal
Tove Ølnes	Årøyvegen 408	6857	Sogndal
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
SYGNIR AS AVD SOGNDAL	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
BREHEIM NETT AS	Gaupnegrandane 4	6868	GAUPNE